

"Ensemblet" er ikkje utgått på dato

11.05.2008



Stavangerensemblets ustoppelege energi smitta sjølvsgagt over på dansarane. Men dei burde ha vore fleire... (Foto: Ola Matti Mathisen)

Faktisk har det gått 32 år sidan Stavangerensemblet vart danna, men den som har trudd at siddisane er utgått på dato, tek skammeleg feil.

På Dønhaug laurdag kveld la dei for dagen ein energi og speglede som viste at dei framleis er høgst oppegåande. Det gjeld ikkje minst vokalist Frode Rønli, som anmeldarane ein gong kalla "norsk rocks villaste frontmann".

Han demonstrerte i høg grad den samme villskapen på Dønhauglåven - med ein ustoppeleg energi og friske gymnastiske krumspring ute blant dei dansande.

Frode var før både berømt og berykta for den elleville utstrålinga si og han klarer faktisk å halda koken framleis. Her er det ingen teikn til korkje ein musikalsk eller ein annen form for senilitet.



Ein slik energi er sjølvsgagt nødt til å smitta over på dansarane og det skjedde så absolutt denne fine, sommarlege vårnatta. Stemninga vart etter kvart høg på låven, men vi hadde så absolutt venta eit større publikum. Det stoppa på rundt rekna 300.

Magne Huglen hadde booka inn Stavangerensemblet allereie i fjor, men då måtte dei avlysa på grunn av sjukdom.

Terje Frigård i aksjon i Dønhauglåven.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Utan forkleinelse for Terje Frigårds Bluesband . som starta og avslutta kvelden på ein måte som gav blueselskarane full utteljing, må det altså konstaterast at det var Frode Rønli, Anders Bru (gitar), Knut Køningsberg (trommar) og Øystein Eldøy (bass) som stjal showet.

Å ta opp att tråden så til de grader er ein stor prestasjon når ein tenkjer på at bandet faktisk var oppløyst i 16 år (1985/2001). Sidan nystarten i 2001 har karane riktignok hatt meir sporadiske konsertar. Men i dei siste åra har dei jobba med nye, eigenproduserte låtar og vurderer å gje ut eit nytt album. Det blir i tilfelle det første dei har laga sidan 1984. Då kom "Knappar og glansbilder".

Av Ola Matti Mathisen



Frode Rønli held koken framleis! (Foto: Ola Matti Mathisen)